

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H fram følgjene forslag:

«Tillegg punkt 1:

Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med slik endring i punkt 2 Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet.»

**Tor André Ljosland (KrF)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram følgjene forslag:

«Tillegg punkt 1:

Endring av delmål 1 i punkt 2 Grøn næringsutvikling, dette skal vi gjere:

Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grønne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggas høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane.»

**Jan Henrik Nygård (V)** sette på vegner av MDG og V fram følgjene merknad:

«Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4

Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tor André sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Nygård sin merknad vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2 Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grønne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggjast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.
3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar
4. Fylkestinget legg til grunn at partnerskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.
5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

**Merknad frå Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne**

Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4

Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.